




DET NORSKE TEATRET



Alt det hettvann De ønsker



*Skandinavias
mest solgte
hettvannsbereider*



**OSLO
SVEISEBEDRIFT**

C 159 149/95

DET NORSKE TEATRET

I SAMARBEID MED RIKSTEATRET


AUGUST STRINDBERG

„FRØKEN JULIE“

Regi: Gerhard Knoop

Dekor: Arne Walentin





Frøken Julie — Elisabeth Bang.

Helsing frå Riksteatret

Sesongen 1963/64 gjekk inn med hyggeleg bodskap frå Det Norske Teatret.


Teatret hadde tilbod til oss, etter same lina som i mange år før dette, om langt fleire framsyningar ute i landet enn det strengt teke har skyldnad til.

Tre spelferder blir det i denne sesongen: éi hadde vi i haust, to blir det før sommaren.

Vi er glade for å få desse framsyningane inn i rekkja av stykke som blir spela for Riksteatret sitt publikum.

Seier vi her takk for dette samarbeidet, så veit vi at vi har eit stort publikum med oss i denne takka.

Hjarteleg helsing



Fagleg nytt

Frå alle greiner av landbruket
får De gjennom tidsskriftet

«NORSK LANDBRUK»

Gå til postkontoret i dag og bli abonnent!



AVG. STRINDBERG

FVRVSVD. IJLI. 1899. RITAST AF HANS
GAMLE VÅN. P.L.


Ut att på spelferd —

Då Det Norske Teatret i fjor fylte 50 år, vart sjølve jubileumsdagen feira med fire premierar rundt omkring i landet. Dette opplegget skulle markere at Det Norske Teatret er eit teater for heile landet ved sida av å vera Noregs røyst i hovudstaden. — Det står i våre vedtekter at vi skal spela på nynorsk i bygd og by, og dette er eit krav som etter kvart er blitt kjær plikt og forpliktande tradisjon.

Eit av dei fire skodespel teatret jubilerer med 2. jan. 1963 var «Frøken Julie» av Sveriges store dramatikar August Strindberg. Det er ikkje første gongen Det Norske Teatret spelar Strindberg: både hans historiske skodespel (t. d. Gustav Vasa) og hans samtidsdrama (Dødsdansen, Frøken Julie, Faderen) har vist seg å høve framifrå på nynorsk. Teatret panlegg no å gje seg i kast også med den tredje og siste kategorien av Strindbergs dramatik: «Ett drømspel» står på spelplanen.

Med «Frøken Julie» når det såkalla naturalistiske teater eit av sine høgdepunkt innan all verdens dramatik — det er på same tid merkeleg tidbunde og tidlaust.

Vi helsar vårt store spelferdpublikum velkomen i Det Norske Teatret, her i samfunnshuset og i vår eigen sal i Oslo når det måtte høve slik.





Frå v.: Frøken Julie — Elisabeth Bang, Jean — Jack Fjeldstad,
Kristin — Ada Ørvig.

„FRØKEN JULIE“

Skodespel i 1 akt (2 avdelingar) av AUGUST STRINDBERG

Desse er med:

FRØKEN JULIE Elisabeth Bang

JEAN Jack Fjeldstad

KRISTIN Ada Ørvig

til norsk ved IVAR ESKELAND

regi GERHARD KNOOP

dekor ARNE WALENTIN

kostyme RANDI SKAHJEM

inspisient og turnéleiar REIDAR JAMVOLD

Framsyninga varer ca. 1½ time.

LIVS- OG PENSJONSTRYGDING

ANDVAKE

VERDENS STØRSTE

SPECIAL GUMMIERT

Salg



**200 ÅRS. ERFARING GARANTERER KVALITETEN
ENESALG FOR NORGE: GUNNAR STENBERG - OSLO**

Ingen heim utan hage

Målet for Det Norske Hageselskap er hage ved alle heimar som har jord til det, og ingen heim utan grønsaker, bær, frukt og blomar på kvardagsbordet. Bli medlem i selskapet! Det kostar 15 kroner for året i medlemspengar. Alle medlemmer får tilsendt tidskriftet «Norsk Hagetidend» og småskriftet «Minne-
liste for hagedyrkere».

DET NORSKE HAGESELSKAP

MOTZFELDTSGT. 1, OSLO — TELEFON 67 33 86

FRØKEN JULIE

— skore ut or røyndomen?

Eit naturalistisk sørgjospel kalla Strindberg opphavelag **Frøken Julie**, det skodespelet som sidan skulle bli eit av dei mest vidgjetne og mest spela av alle Strindberg-stykke. I **føreordet** — det har fått nærepå like mykje å seia for det moderne dramaet som stykket sjølv — la han fram sine idear om korleis eit naturalistisk drama skulle vera. Alt skulle vera skore beint ut or røyndomen. Ingen ting måtte verke «teater». Aktinndelinga vart teken bort, verkelege rekvisittar kom i staden for «kunstige», fotrampen måtte bort, og han rådde til å bruke ein intim scene når stykket skulle framførast. I menneskeskildringa måtte arv og miljø koma fram, og det samansette i karakterane, kombinasjonen av ulike eigenskapar understrekast. Dialogen måtte ikkje naudsynleg følgje logikkens lover, personane skulle få handle like mykje ut frå uforklårlege impulsar som etter medviten tenking. Uforfalska framstilling av røyndomen, fridd frå gamal sjablon-teknikk var den løysing diktaren kom fram til.

I dag, 76 år etter at **Frøken Julie** vart skrive, kan vi berre slå fast at Strindbergs teoriar kan gjerast gjeldande for ein stor del av den moderne dramatikken, og at hans eige meisterverk med glans forsvarar sin plass på teater-repertoara. Forskarane kan rett nok fortelja oss at føreordet vart skrive **etter** stykket — og såleis i viss mon må seiast å vera etter-rasjonalisering, men det hindrer ikkje at **Frøken Julie** har vorte — ja ein er freista til å seia **det** klassiske skodespelet frå den naturalistiske epoken. Noko anna er det sjølv-sagt at eit moderne publikum og skodespelarane i vår eiga tid legg andre synsmåtar på dei viktigaste problem i stykket og ser med andre augo på personane enn dei diktaren var



Frøken Julie og Jean — Elisabeth Bang og Jack Fjeldstad.

Framhald frå side 11.

så ivrig etter å få oss med på i sitt «føreord». For oss har klasseskilnaden mellom adelsfrøkna Julie og tenaren Jean ikkje nokon sosial aktualitet, men snarare psykologisk interesse. Grenser som er dregne opp av standsskilnad og ulik byrd er med på å fastleggje åtferda og handlingane våre, men dei eksisterer først og fremst i våre eigne sinn, — anten vi no er etterkomarar etter frøken Julie eller Jean.

Det er òg naturleg at ei framføring av i dag er merkt av den kunnskap vi no meiner å sitja inne med om seksuallivet og dei erotiske fortrengingane til mennesket, utan at ein treng ta ifrå **Frøken Julie** den ytre karakter av røyndomsskildring frå 1880-talet.

Strindberg er elles heilt på bølglengd med moderne forskning og moderne litteratur når han legg vinn på å få fram det irrasjonale i handlinga til personane og freistar gje att det samansette og mangslungne i personlegdomane. Og dialogkunsten hans høyrer til det ypparste som er skriva for scenen. Så knapt, så friskt og presis, så levande og dynamisk skriv berre dei store meistrane.

Kor mykje diktaren enn vil gje att livet beinveges, kor gjerne han enn vil skjera skodespelet ut av røyndomen, kan vi ikkje ta frå skodespelet karakteren av kunst, av dikt. Strindberg-eksperten Gunnar Ollén hevdar at **Frøken Julie** er det mest utstudert komponerte av alle Strindbergs teaterstykke! Om han har rett eller ikkje, får dei lærde stridast om. Skodespelet har i alle fall ein kongruens i form og innhald som verkar utfriande, og ein medrykkjande rytmisk gang som vi vonar det skal lykkast oss å realisere i framsyninga i kveld.

For det er Strindbergs urolege rytme, nerven i den pulserande dialogen hans som opnar vegen inn i den forunderlege verd av mjukleik, brutalitet og sensuell lyrikk i dette sceniske diktarverket.

Gerhard Knoop.



Likar De å følgje med?

Få
syn for segn
les



Det største allmenne tidsskriftet i landet

OPPLAG I DAG: 13 000 — STADIG I FRAMGANG

10 hefte i året på til saman om lag 560 sider. Årspengar kr. 24,00, for studentar og skoleelevar kr. 18,00 ved direkte tinging i forlaget. Tidsskriftet kan tingast for skoleåret eller kalenderåret. 10 års tinging kr. 200,00.

Kristian Augusts gate 14 — Oslo 1.


det norske samlaget

Postgiro 87 02 — bankgiro 75/659.

Vakre ben i
ULTRALYD *nylons*

— DANIELA —
For et hvert behov.

daniela



Stigende kvalitet




ULTRASON

NÆRMESTE FORHANDLER OPPGIS AV IMPORTØR.

Vold-Johansen & Goplen

AKERSGT. 59 — OSLO — TLF. 33 20 08.

På reiser i Norge
står vi til tjeneste
ved 3600
posthus




Postspareboka kan brukes på hurtigruta Trondheim
—Kirkenes.

Den kan også i en viss utstrekning brukes i Sverige,
Danmark og Finland —
poststedene gir nærmere opplysninger om beløp.

POSTSPAREBANKEN

Banken som alle kan nå



Norges Brannkasse vart grunnlagd i 1767 og er det eldste trygdelaget i landet. I alle år har Brannkassen vori dominerande med omsyn til brann- og K-trygding. For å yta best mogleg service er også andre trygdingsarter etter kvart tekne opp, og Norges Brannkasse tek no over all slag skade-trygding.

Norges Brannkasse